

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Saksframlegg

Korleis ivareta teknologi og innovasjon i utviklingsplanarbeidet?

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
11/2017	Styringsgruppa utviklingsplan HMR	6. juni 2017

Forslag til vedtak

1. Styringsgruppa sluttar seg til organiseringa av innsatsområdet teknologi og innovasjon gjennom team i Fagavdelinga
2. Styringsgruppa gir Fagdirektør i oppdrag å ta arbeidet kring innsatsområdet teknologi og innovasjon vidare
3. Styringsgruppa tilrår at eksisterande regionale og lokale utval/fagråd innan området vert nytta for å understøtte tiltak som kjem fram av arbeidet med utviklingsplanen.

Saksframlegg

Syner til sak 04/17 – Oppfølging etter dialogmøtet Samhandlingsperspektivet, der avgjerd om organisering av innsatsområdet teknologi og innovasjon vart utsett til styringsgruppemøte 6. juni.

Gjennom nasjonale og regionale føringar er det klare forventningar til at teknologi setjast på dagsorden i helseføretaka sine utviklingsplanar. Teknologi er sett på som ein av dei tyngste drivarane for utviklinga framover, og tempoet i utviklinga utfordrar helsetenesta på mange område. Framtidsversjonen av spesialisthelsetenesta vil sjå annleis ut både med tanke på behandling og diagnostikk, pasientflyt/-forløp, ressursutnytting, organisering, kompetanseprofil og samhandling.

Ei framtidsretta helseteneste må evne å tilpasse seg utviklinga innanfor medisin og teknologi, og nytte nyvinningar for å forbetre kvalitet og skape betre tilgjenge til helsetenestene.

I Strategi 2030 er dette stadfesta gjennom at ein handterer kunnskap og teknologi som eitt av fire perspektiv for vidare utvikling av helsetenestene, og det er felt ned eit strategisk mål om å ta i bruk kunnskap og teknologi for ei betre helse.

Vidare er det halde fram at innovasjon er ein nøkkelfaktor for å redusere det aukande gapet mellom ressursar og behov i framtidig helseteneste- gjennom utvikling og innføring av nye og betre tenester, men også i form av kostnadseffektivisering, organisatoriske løysingar og pasientflyt.

Frå Strategi 2030 heiter det:

I 2030 tar vi i bruk kunnskap og teknologi for en bedre helse. Dette handler blant annet om;

- *Vi baserer pasientbehandlingen på kunnskapsbasert praksis*
- *Vi har ingen ubegrunna variasjon i tilbud og kvalitet*
- *Vi legger standardiserte pasientforløp til grunn samtidig som vi sikrer at det tas individuelle hensyn*
- *Vi har vektlagt standardisering for å sikre helhetlige forløp, implementering av ny kunnskap og utjevning av forskjeller*
- *Vi gir pasientene trygge tjenester av god kvalitet*
- *Vi ser pasientsikkerhet i sammenheng med helse- miljø og sikkerhetsarbeid*
- *Vi har en endringskultur som baserer seg på åpenhet, kontinuerlig læring og deling av erfaringer*
- *Vi har bygd systemer og kultur som gir muligheter til nettverkssamarbeid med industri, akademia, nasjonale og internasjonale helsetjenesteaktører*
- *Vi forbedrer oss gjennom brukererfaringer, forskning, kontinuerlig utvikling og innovasjon*
- *Vi er offensive i å ta i bruk kunnskap og ny teknologi for å gi pasientene god behandling innenfor gjeldende økonomiske rammer*
- *Vi har gjennom arbeid med innovasjon bidratt til at ny kunnskap blir omsatt til god praksis og deles med andre*

I dialogmøte med kommunane 7.april, kom også temaet teknologi og innovasjon opp som eit potensielt viktig satsingsområde i samhandlingsperspektivet.

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

På grunnlag av det ovannemnde, må utviklingsplanarbeidet ta stilling til korleis ein skal handtere temaet teknologi og innovasjon.

Organisering og forankring i etablert og pågåande arbeid

Utvikling innanfor områda medisin-teknisk utstyr og IKT høyrer naturleg heime under «teknologi-paraplyen». Organisatorisk er fagområda grovt sett delte mellom Klinikk for drift og eigedom (Avdeling for teknologi og utvikling) og Fagavdelinga. Medisin-teknisk utstyr opplever ei stadig sterkare avhengigheit mot IKT, og gjennom OU-prosessen vart det avgjort at den strategiske og utviklande funksjonen kring temaet ivaretakast gjennom ein integrasjon mellom Fagavdelinga og Avdeling for teknologi og utvikling. I dette ligg også strategisk handtering av andre tekniske tenester som t.d. telefoni.

I samband med OU-prosessen i Fagavdelinga, er ein på veg til å organisere eit team som skal ivareta teknologiprosessen, som går på tvers av seksjonane i avdelinga, og som vil ta med seg det strategiske tilsnittet mot Avdeling for teknologi og utvikling i Klinikk for drift og eigedom.

Ein ser føre seg at innsatsområdet kring teknologi og innovasjon kan handterast av dette teamet med dertil representasjon av fagpersonar frå aktuelle område. Teamet kan vidare bistå i arbeidet kring teknologi som drivar for utvikling i dei andre arbeidsgruppene i dei ulike perspektiva i utviklingsplanen.

Når det gjeld innovasjon, må dette knytast til arbeidet med strategi og handlingsplan for forskning, innovasjon, utdanning og kompetanse som no er under oppstart i Seksjon for forskning, innovasjon og utdanning.

Det er også viktig å sikre integrasjon mot arbeidet med SNR, Helseplattformen og også arbeidet i IKT-utvalet, regionalt og lokalt fagråd for digital samhandling i samhandlingsperspektivet. Vedtatt IKT-strategi skal leggest til grunn for alt arbeid på området. I tillegg er det også eit grensesnitt mot den bygningsmessige utviklingsplanen som må ivaretakast.

Vidare er det også gjort arbeid regionalt gjennom Regional ressursgruppe for teknologi, som ein må ta med vidare. Denne gruppa skal levere sitt arbeid før sommaren.